

REKNES BYGGJEVARER L/L
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Att. Beathe Nilsen

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gnr 3 bnr 23 - fv 570 - Fensfjordvegen - Masfjorden kommune

Vi viser til søknad av 05.11.2021.

Saka gjeld

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 570 Fensfjordvegen, i samband med tilbygg på eksisterande hytte på gnr. 3 bnr. 23 i Masfjorden kommune.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 570 for å oppføre tilbygg på eksisterande hytte på gnr. 3 bnr. 23 i Masfjorden kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med vedlagt situasjonsplan.
2. Avstanden frå bygninga (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 570 skal vera minst 21 meter.
3. Bygninga må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga ligg nær fylkesveg 570.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 60 km/t, og trafikkmengda 700 ÅDT. Etter rammeplanen for avkøyrsløse og byggegrenser langs fylkesveg ligg denne strekninga i streng haldningsklasse. Dette inneber at det ikkje bør etablerast nye tiltak nærare fylkesvegen enn 50 meter.

Etter dialog med Vestland fylkeskommune har søker plassert tilbygget i tilstrekkeleg avstand frå midten av fylkesvegen. Ut i frå ein samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi difor dispensasjon på vilkår frå byggegrensa langs fylkesveg 570, for oppføring av tilbygg på eksisterande hytte, på gnr. 3 bnr. 23 i Masfjorden kommune.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Govert Edvar Grindhaug
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Situasjonsplan 05.11.2021